



OPPHAVET TIL HEIESJEFORDNINGA

- tradisjonell driftetraffic eller hegningsfeordninga?

TORBJØRN HERTEL-AAS

I dei fleste delar av landet har bøndene på ulike måtar utnytta utmarksressursane på fjellet eller i heiane. Mange gardar hadde ein støl eller seter der delar av huslyden og buskapen oppheldt seg i sommarmånadane. Slik stølsdrift har ein også hatt i delar av Rogaland - særleg i dei indre bygdene. Men i vårt fylke har ein også hatt ei ordning der ein såkalla heiasjef leiger beiteområde i heiane, og der bøndene på t.d. låg-Jæren betalar heiasjefen ei leige for kvart dyr, vesentleg sau, han tar med seg og ser etter i heia i løpet av sommaren. Kva kan opphavet vera til denne spesielle ordninga? I denne artikkelen drøftar Torbjørn Hertel-Aas dette spørsmålet.

Forfattaren tok våren 1998 historie hovudfag med oppgåva "Heieføring og heiesjefer gjennom 160 år". Han var og medforfattar av boka "Med sauene til heis" som Jærmuseet gav ut i 1996.

Bakgrunn

Den heieføringa av sau frå Jæren og Dalane som me kjenner i dag, byrja omlag 1840. Folk fra desse stroka har sidan den gong send mykje av smalen sin på beite til Frafjord-, Bjerkreim-, Sirdal-, og dei vestre Setesdalsheiene om sommaren. Mengda av heieførte dyr har skifta frå ca. 40 000 i 1907 og utover til 1930-åra til 70-80 000 i perioden ca. 1870-90, i 1960-åra og

rundt 1980. Ikring 1870-90 utgjorde dette omlag 50% av all smalen på Jæren og i Dalane. I vårt hundreår har det svart til mellom 1/4 og 1/3 av all smalen her.¹

År	Heieførte dyr (inkl. lam)	Sommerdyr (inkl. lam)	I %
1896	65 000	128 478	51
1907	40 300	116 168	35
1917	46 200	120 118 (1918)	38
1930	45 200	155 739 (1929)	29
1939	58 850	208 239	28
1949	41 000	174 528	23
1959	71 470	201 703	35
1969	53 175	196 679	27
1979	76 446	228 490	33
1989	55 228	208 752	26

Heiesjef og gjetar, Trygve Sikveland f. 1913, bur på Litla Undheim i Time. Han var heiesjef i Austre Kvihei, Ljoslandsheia og Nesheia 1942-45, her med buhunden Flink i Austre Kvihei. Saman med Audun Undheim hadde han ei av dei største driftene på den tida, truleg bortimot 10 000 dyr. Elles var han gjetar for andre i ei årrekke.

Foto: Magnus Espeland, ca. 1947.

¹T. Hertel-Aas: "Heieføring og heiesjefer gjennom 160 år", hovudfagsoppgåve i historie, UiB 1998, s. 54.

Heiesjefordninga

Denne heieføringa har og hatt si spesielle organisering som er ukjend andre stader i landet, bortsett frå i Nord-Rogaland: Ein såkalla heiesjef leiger eit heieområde av grunneigarane og leiger så ut beiteretten til den ein-skilde saueeigaren mot ei grasleige per dyr. Han tek inn så mykje smale han kan få, til beita er fullsette. Denne flokken blir kalla ei drift. Smale som ein betaler grasleige for, kallar ein grassmale. Heiesjefen tek på seg tilsynet eller gjetinga gjennom beitesesongen. Han er sjølvstendig næringsdrivande. Fortenesta er lik differansen mellom den samla grasleiga for heile drifta og utgiftene til mat, klær, gjerder m.m. og i tidlegare tider til fleire gjetarar. Grasleiga ligg i dag kring kr. 50,- per dyr.

Heiesjefen er med andre ord ein mellommann mellom grunneigarane i heiane og saueeigarane i låglandet. Heiesjefordninga kom i stand samstundes med at heieføringa kom i gang, og er uløyselig knytta til denne. Ho eksisterer framleis, men har fått konkurranse frå beitelag etter 1970. I beitelaga er det saueeigarane som går saman, og dei deler arbeidet i heia mellom seg.

Hegningsfe og handelsdriftefe

Det me skal sjå på her, er korleis heiesjefordninga kom i stand. Sigurd Eikeland har i boka "Driftesmalen" (1966) hevda at handelsdriftekarar (sjå nedanfor) var dei fyrste som tok med seg grassmale eller leigesmale til heis og vart dei fyrste heiesjefane².

Eg vil hevda at heiesjefordninga like gjerne kan ha opphavet sitt i hegningsfeordninga, som eg gjer greie for nedanfor. I artikkelen vil eg utreia dei to synspunkta og drøfta dei.

Fyrst skal me seia litt om tidlegare og dels samti-

dig bruk av heiane. Seterbruk var utbreidd over mest heile landet. I fylgje Lars Reinton som har skrivne standardverket om norsk seterbruk (1955-61), var den viktigaste oppgåva til seterbruket å spare på heimemarkene, få tak i betre beite i sommarmånadene og å skaffa forråd til levemåten på den faste bustaden - garden.³ Jæren var eit av dei områda i landet som mest ikkje hadde setrar, og det kan nok vera ein årsak til at heieføringa vart ein utveg til å skaffa sommararbeite nett her. Folk som ikkje hadde seter sjølv, kunne sette bort feet sitt på seter hos andre. Skikken med å ta i mot slikt stellingsfe eller hegningsfe var utbreidd i alle landslutar, seier Reinton, blant anna i Sirdal og Setesdal.

Ofte tok setereigaren eller budeia 1/3 av avdråtten, dvs. ost og smør, i leige, mens eigaren fekk resten. Etter kvart gjekk ein del over til å ta betaling for slike sommaropphald på setra i reine pengar.⁴

Mange stader dreiv dei dyra milevis for å få dei til seters på dette viset. Tusenvis av kyr kom inn under denne hegningsfeordninga, men òg sau og geit.


Tradisjonell driftetraffikk var ei anna form for forretningsdrift som òg var tufta på utnytting av høg fjell- eller heiebeiter. Einskilde distrikt ala opp overskot av storfe som dei selde levande til oppkjøparar (handelsdriftekarar). Desse førte så dyra til til sommerbeiter i fjellet, der dei vart feita opp. I september dreiv dei dyra utover flatbygdene og selde dei der eller i byane.⁵ Denne driftehandelen var utbreidd i mest alle fjellstroka i Sør-Noreg, mellom anna i Sirdal- og Setesdalsheiane.

² S. Eikeland: *Driftesmalen, Sandnes 1966*

³ L. Reinton: *Seterbruket i Norge, bind III, Oslo 1961, s. 491*


⁴ Reinton: *op. cit., bind I, s. 201*

⁵ A.H. Tobiassen: *Driftehandel med storfe i Norge, ca. 1850-1930. Oslo 1989, s. 23*



Tolleiv Aasen (f. 1838 - d. 1940), heiesjef som gjette smale i Sirdal- og Setesdalsheiane i 55 år samanlagt. Han var eitt av vitna for Høifjellskommissionen, og fekk kongens fortjenestemedalje for verksemda si i heia.

Foto: Magnus Espeland, 1938.



Johan Ravndal (f. 1944 - d. 1996), heiesjef i Brokkeheiane 1986-96. Han hadde omlag 7000 dyr i drifta si. Han var med på samling fra konfirmasjonsalderen. Elles dreiv han som snikkar og bonde.

Foto: Torkel Ravndal, 1991

I hovudsak gjekk driftetraffikken frå Vestlandet til Aust- og Sørlandet.

I fjellstroka må me då skilja mellom to slags framandfe som utnytta beita der. Det eine slaget er stellings- eller hegningsfe, òg kalla leigefe, som skulle leverast attende til eigarane ved slutten av beitesesongen. Grassmalen til heiesjefane kjem inn under denne kategorien. Det andre slaget er kjøpefe som handelsdriftekarane hadde kjøpt opp for å selja vidare. Utanom desse kom alt det feet som setereigarane åtte.

Kjelder

Når me skal freista å finna ut korleis heiesjefordninga oppsto, står me overfor eit kjeldeproblem. Det finst så godt som ikkje skriftlege kjelder fra samtida som kan fortelja oss noko om dette. Det viktigaste kjeldematerialet som kan kasta lys over spørsmålet, er Høifjellskommissionen (HFK) sine avhøyr.

HFK var ein serdomstol. Den hadde til oppgåve å slå fast kva som var privat eigedom, og kva som var statleg i høg fjellet i Sør-Noreg, altså kven som åtte kva.

For det føremålet avhøyrde han ei lang rad vitner, som oftast ulike typar brukarar, frå alle fjellstroka han hand-sama. HFK vart oppnemnd i 1908, og frå 1913 tok han føre seg dei heiestroka som jær- og dalanesmalen beita i. I desse avhøyra kom det fram mykje informasjon om ulike driftsformer i heiane, både om tradisjonell drif-tetraffikk, setrar, slått og ikkje minst om sauedriftetraffikken. Her vil eg nytta høvet til å streka under at HFK sitt syfte ikkje var å utreia vårt problem: opphavet til heiesjefordninga. Men under arbeidet med å finna ut kven som åtte kva i heiane, kom det fram mange opp-lysningar om heiesjefer som forskarane kan nytta. Intervju er ein annan måte å nærma seg spørsmålet om opphavet til heiesjefordninga på. Denne framgangs-måten vart prøvd av Sigurd Eikeland i 1960-åra. I til-legg nytta han sjølv sagt avhøyra til HFK og andre kjel-der. Problemet her er den lange tida som var gått mel-lom dei hendingane forfattaren ville ha opplysningar om og intervjutidspunktet. Sjølv gamle folk i 1960-åra kunne ikkje ha anna enn annanhand- eller tredjehands opplysningar om tilhøva rundt 1840. Allereie HFK i 1913 måtte i stor grad basera seg på kva vitna hadde høyrte av andre når det gjeld dei fyrste heiesjefane.

Handelsdriftekarar - dei fyrste heiesjefane?

Sigurd Eikeland var som nemnd den fyrste som hand-sama spørsmålet om opphavet til sauedriftetraffikken og heiesjefordninga. Han meinte at det gjekk føre seg på denne måten:⁶

Lenger framme i boka er tatt med litt om det pio-nerarbeid krøterhandlarane (dei tradisjonelle drifte-handlarane, eiga anm.) har gjort i heietraffikken. Ifleire bygder tok slike karar smått om senn til med å ha lei-gesmale for andre i drifta si, og på denne måten utvikla

heietraffikken seg til å omfatta mest alle saueigarar. Slik meiner Arne Gjedrem at heietraffikken utvikla seg i Bjerkreim.

Lenger nede heiter det:

Folk såg at sauene frå heia var mykje feitare og spre-kare enn heimesauene. Dei “orda frampå” med han-delskarane og fekk senda med nokre dyr, og slik utvikla heietraffikken seg i Bjerkreim, meiner Gjedrem. Kva tid dette var, har han ikkje fått sikker greie på, men han trur det var omkring 1840. Han kjenner til fleire slike lag med handelskarar. Det eine var to brør frå garden Bjerkreim, Velas Bjerkreim, f. 1811, og broren Hans Bjerkreim f. 1821. Det andre var brør frå Gjedrem, Ola Asbjørnsen Gjedrem f. 1821 og Todleiv Gjedrem f. 1828. Desse to lag er dei første Arne Gjedrem kjenner til gjekk til heis med sau.

Driftehndlarane skulle på denne måten ha vorte dei fyrste heiasjefane. Eikeland nemner Rasmus Aalgaard (gift 1829).⁷ Han skal ha vore både handelsdriftekar og “heiagjetar”, altså heiesjef, og såleis ein av dei pio-nerane Eikeland nemnde ovanfor.

Rasmus eller Rasmand Aalgaard er nemnd av fleire vitner for HFK. Ein seier at han skaffa sau til andre som låg i heia, ein meiner at han dreiv med sau i heia, men seier ingenting om han hadde grassmale eller kjø-pesmale. Ein fortel at Aalgaard låg med storfe, og ende-leg er det ein som seier at han låg med grassmale og med andre ord fungerte som heiesjef. Aalgaard kan

⁶ S. Eikeland: *op. cit.*, s. 134

⁷ Eikeland: *op. cit.*, s. 142 ff



Gjetar med hundar. På fine sommardagar kan heielivet nytast i fulle drag.


Foto: Magnus Espeland.

altså ha vore ein driftehanskar som tok til med heiesjefverksemd slik Eikeland meiner.

Eikeland nemner og Gitle Møgedal i Bjerkreim i denne samanhengen, men I. B. Eikeland har overtydande vist at Møgedal aldri gjette for andre “men fór Kristianssand og selde til slakt helt til siste året.”⁸ Og Gase Rostøl (f. 1809) skal ha vore ein slik driftekar som tok til med grassmale i fylgje Eikeland, men han dokumenterer det ikkje.⁹ Eit vitne for HFK hevdar at Rostøl låg med fe i Suleskardheiane i Sirdal, som

⁸ I.B. Eikeland: *I Årsskrift for Agder historielag, 1963, s. 27 f*

⁹ Eikeland: *op. cit., s. 146 f*




Buhedlaren ved Buhedler-tjønn i Brokkeheia. I slike hellere budde dei fyrste heiesjefane heile sommaren.

Foto: Gaute Skretting, 1987.

ein av dei fyrste der, men oppgir ikkje om det er stor- eller småfe, grasfe eller kjøpefe. Eg finn det difor ikkje godtgjort at Rostøl var ein av pionerane i heiesjefverksemda.

Asbjørn Salmelid (f. 1803) vert nemt av eit vitne for HFK som ein av dei fyrste som låg med fe i Suleskardheiane. Eikeland talar om han som ein heiegjetar, her: heiesjef, utan dokumentasjon.

I materialet til HFK kan ein finna eitt eksempel frå Ryfylke og eitt frå vårt område på driftekarar som hadde grassmale og kjøpefe samstundes. Den fyrste var i heia omlag 1880, og kan altså ikkje ha vore ein pioner i sauedriftetraffikken. Den andre byrja i fylgje vitneprovet med kjøpefe fyrst etter at han hadde dreve med



Moderne gjetarhytte ved Fossekvæven i Brokkeheia. Eigar: Jærens Smalelag. Hytta tyder på at gjetarlivet er noko enklare i dag enn i “dei gode, gamle dagane”.

Foto: Gustav M. Håland, 1990-åra.

grassmale i nokre år, og passar difor heller ikkje inn i mønsteret til Eikeland.

Når me summerer opp dette, finn me konkret berre to brødrepar frå Bjerkreim, kanhende R. Aalgaard og Gase Rostøl som støt Eikeland si forståing av korleis heiesjefordninga vart til. Oppfatninga hans verkar i og for seg ikkje urimeleg, men eg tykkjer han har for få døme til at eg utan vidare vil godta ho.

Hegningsfeordninga - opphavet til heiesjefordninga?

Eg har merka meg Paul Borgedal si meining: “*Begynnelsen til den utstrakte sauebeitingen på heiene i Rogaland og Vest-Agder var at setereierne for en viss betaling tok med seg sau for å la dem være på setrene*

sammen med sine egne dyr”. Han syner her, utan å nemna det direkte, tvillaust til hegningsfeordninga, som eg har gjort greie for foran. Elles gjer ikkje Borgedal nokon freistnad på å dokumentera påstanden sin.¹⁰

I samband med hovudoppgåva mi, gjekk eg på ny gjennom avhøyra til HFK frå vårt område for å sjå om det var mogleg å finna spor som kunne føra til ei avklaring av det problemet me drøftar.

Hegningsfe er nemnd fleire stader i avhøyra til HFK, og spørsmålet er om denne kjelda gir grunnlag for å knytte sauedriftetraffikken og heiesjefordninga saman med hegningsfeordninga. Reinton skriv at nokre sta-

¹⁰ P. Borgedal: *Norges jordbruk i nyere tid, bind III. Oslo-1967, s. 107*

der var det folk (budeier og setereigarar) som berre dreiv med hegningsfe. Budeier og andre kunne leige setrer (med den heia som hørde til) og ta inn fe mot betaling. Dei hadde då sjølvsgagt tilsynet med dyra. I prinsippet var dette det same som heiesjefane gjorde. Det er leigetilhøvet ved hegningsfeordninga som er det viktigaste i vår samanheng, det at bønder som åtte stort eller smått fe kunne leiga seg rett til fjellbeiter med setereigarar eller budeier som mellommenn.

Eg har gått gjennom HFK-avhøyra frå vårt område for å sjå om det er døme som stør Paul Borgedal sitt syn. Det syner seg at slike finst.

Lensmann Lund meiner at hegningsfeordninga særleg var utbreidd i dei nordlege stroka i Setesdal og særleg før i tida (dette var i 1913).¹¹

Eit av dei andre vitna tala om hegningsfe og grasfe i same andedrag. Han fortalde om faren at han hadde “grasfæ eller hegningsfæ”. “Grasfæ” tyder leigefefe på same måte som grassmale tyder leigesmale. Denne faren hadde hatt ei heil drift med smale i Store Langeidsheia (Bygland), som han leigde. Dette var så tidleg som i 1837, og smalen, grassfeet, var uttrykkelig ikkje frå Jæren.¹² Vitnet hadde heller ikkje høyrst at jærsmale var i Setesdalsheiane på den tid. Dette stemmer med det eg elles har funne ut: Det var neppe jærsmale i Setesdalsheiane noko særleg før 1850.

Parten (grunneigar) Tallak E. Hegland fortalde at det omlag 1850 var “graskreaturer” frå Setesdal og Åseral i Heglandsheia (Bygland). Aslak Pytten frå


Pytten hadde leigd heia. Det står ikkje uttrykkelig i kjelda at det var smale.

Bror til Tallak, Rolleiv, hadde både “drifte- og graskreaturer” i Heglandsheia etter A. Pytten. Når “drifte-kreaturer” her står saman med “graskreaturer”, kan det tyde at Rolleiv både hadde kjøpefe og leigefefe. Han kan vera eit eksempel på ein handelsdriftekar som òg tok med hegningsfe, slik Eikeland peikar på. Men mest interessant er det at dei siste åra han låg der, tok han inn “smaler fra Lunde (Lund) i Dalane”. Her har me eit direkte samband mellom hegningsfeordninga i Setesdal og smale vestfrå, fra Dalane.

Me har og eit vitne og far hans som tok inn “graskreaturer” i Åseralheiane før 1860. Det er uklart om dette var smale og kor eigarane kom frå. Truleg kom ikkje jærsmalen til Åseral før omlag 1870.

Desse eksempla er få. Men det kan ikkje vera tvil om at verksemda som dei dreiv i Store Langeidsheia og i Heglandsheia ved Aslak Pytten og Rolleiv Hegland, kjem inn under omgrepet heiesjefdrift slik me har definert det, og at denne sprang ut av hegningsfeordninga. Desse karane leigde heia og tok inn fe/smale mot grasleie. Me finn til og med eit døme på at “heiesjefen” tok inn smale vestfrå. Ordninga med hegnings- eller leigefefe hadde m.a.o. løyst banda til setera. Desse karane låg i leigd hei med så store flokkar fe at dei ikkje kunne drive setersdrift. Fortenesta måtte takast ut i pengar, ikkje i ein part av avdråten. Poenget med heieopphaldet var å feite opp dyra.

Då jærsmale og folk frå Dalane for alvor kasta auga sine på beita i heiane rundt Sirdal frå 1840 og utetter, kan ein sjå det slik at heiesjefordninga allereie låg klar til bruk. Setesdølane hadde alt utvikla ho frå hegningsfeordninga. Denne ordninga må ha låge snublan-



Skiljeplassen ved Rosskreppfjorden. Skiljinga om hausten har gått føre seg så lenge det har vore sau i heia. I denne mørja av sau finn kvar saueigar sine dyr med hjelp av øymerka og putter dei inn i ein av dei små sidegardane, før dei vert køyrde heim.
Foto: Torkel Ravndal, 1989.



Sjølv om det meste av transporten går føre seg med lastebil no, må mange driva smalen opp til ein dag. Her krossar ei drift ein arm av Refså på veg til Hestabeitet, nord for Suleskardheia i Sirdal.
Foto: Per O. Bø, 1989.

¹¹ HFK's forhandlinger forsaavidt angaar 3. grenseoppgangsfelt. Utskrift av rettsboken for 1913, s. 18

¹² HFK: op. cit., s. 25



I det første hundreåret samla gjetarane smalen på leger om nettene p.g.a. faren for rovdyrangrep. Slike stader vart godt oppgjødsle og var populære hos smalen mykje seinare også. Heilt opp til krigen holdt gjetarane seg med ku for å skaffa seg mjølkemat.
Foto: Magnus Espeland.

de nær både for sirdølane som var vane med hegningsfe (sjå Reinton), og for jærbuane som p.g.a dei lange avstandane trong mellommenn for å få tak i beita.

Kan me finna sirdølar blant dei fyrste mellommenne eller heiesjefane, vil det støtta denne oppfatninga. Eit vitne for HFK fortalde at han gjette sau for ein sirdøl som eigde Holmavassheia (Sirdal) ca. 1850. Eit anna vitne hevda at sirdøler leigde Søre Fidjeldshei (Sirdal). Seinare tok jærbuer over slik dei òg gjorde i Holmavassheia. Eit tredje vitne leigde hei i Sirdal saman med ein sirdøl, og eit fjerde gjette grassmale for ein del sirdøler (som då var dei reelle heiesjefane). I tillegg meiner eg Eikeland har synt at husmannen Ole Torjesen frå Åseral, som budde i Sirdal, og dottera hans, Anna, verka som heiesjefer i 1840-åra.¹³

Me må og ta med at M.A. Grude, som i 1914 ga ut boka "Jæderen 1814-1914", skreiv om "Heiegjeteren deroppefra" då han omtala den fyrste sauedriftetraffikken og dei fyrste heiesjefane. Dette må tyda at han meinte dei var sirdølar.¹⁴

Dette er det me har av dokumentasjon på at sirdølar var heiesjefer i den fyrste tida.

Konklusjon

Eikeland's påstand "I fleire bygder tok slike karar (les: handelsdriftekarar) smått om senn til med å ha leigesmale i drifta si" og at det var slik sauedriftetraffikken byrja, har til fylgje at desse karane må ha vore dei fyrste heiesjefane. Eg meiner at denne oppfatninga er svakt dokumentert, og at me må sjå etter andre forklaringar. Ei slik forklaring kan vera at heiesjefordninga utvikla seg frå hegningsfeordninga, slik eg har freista å syna ovanfor. Nå er ikkje dokumentasjonen for denne forklaringsmåten heller overveldande. Begge forklaringane verkar i seg sjølv logiske, og den eine treng faktisk ikkje utelukka den andre. Det kan tenkast at begge løpa har gått parallelt, slik at me her har to komplementære forklaringsmåtar.

Difor meiner eg at Eikeland har ei for enkel forståing av korleis sauedriftetraffikken og heiesjefordninga byrja utviklinga si. Han nytta materialet til HFK, men oversåg dei spora som peika i ei anna retning enn den han vart pensa inn på av informanten sin, Arne Gjedrem.

¹³ Eikeland: op. cit., s. 143 ff

¹⁴ M. A. Grude: Jæderen 1814-1914, bind I. Sandnes 1914, s. 576

Forfattaromtale

Hans Torgny Indrebø

f. 1939 i Randaberg, men er nå busett på Nærbø.
Lærer ved Undheim skule i Time.

Torbjørn Hertel-Aas

f. 1940 i Stavanger. Frå 1992 har han vore knytta til Jærmuseet som prosjektmedarbeidar. Medforfattar av boka "Med sauen til heis" (Jærmuseet 1996). Cand. philol. med hovudfag i historie ved Universitetet i Bergen våren 1998.

Tønnes Kverneland

f. 1933 i Time. Har arbeidd heile sitt yrkesaktive liv i familiebedrifta TKS. I 1961 overtok han som direktør, og i 1995 trekte han seg tilbake frå den daglege drifta.

Inger Smidt Olsen

f. 1953 i Bergen. Mag. art. i etnologi frå Universitetet i Bergen i 1982. Har m.a. arbeidd som konservator ved De Heibergske Samlinger, Sogn Folkemuseum og Norsk Grafisk Museum, vore avdelingsleiar for Hå bygdemuseum og har sidan 1997 vore tilsett som kon-

servator ved Jærmuset med ansvar for Flyhistorisk Museum Sola.

Egil Reimers

f.1936 i Vikedal. Dagleg leiar for Norsk Telemuseum si avdeling i Stavanger. Er utdanna telegrafist og teleingeniør. Har arbeidd i Telenor sidan 1962. Begynte som regionansvarleg for region Sør-Vest i det nyoppretta Norsk Telemuseum i 1993, og fekk då ansvaret for å bygga opp Norsk Telemuseum si avdeling og utstilling i Stavanger som opna i 1995.

Gro Persson Trodahl

f. 1956. Statens håndtverks- og Kunstindustriskole (SHKS), malarlina. Siv. ark. frå NTH 1985. Har arbeidd som overarkitekt og avdelingsleiar ved byplankontoret i Sandnes. Er for tida engasjert som prosjektleiar for Nærlandparken AS.